

REKRUTTERINGSPLAN SOGNDAL FOTBALL

Denne planen beskriver korleis Sogndal Fotball rekrutterer nye årskull med spelarar, korleis spelarane blir ønska velkommen og gitt et likeverdig tilbud.

GENERELT

Sogndal Fotball jobbar aktivt med å rekruttere både jenter og gutar til fotballgruppa. Me ynskjer å samarbeida med barnehagar og skular for å få en god relasjon til nærmiljøet. Sogndal Fotball skal gje eit aktivitetstilbod til spelarar som naturleg soknar til Sogndal: sentrum, Norane og Fjærland.

I Sogndal så er aller første møte med organisert fotballtrening på lagsnivå der barna kan delta på turneringar det året barna fyller 6 år.

Me ynskjer alle velkommen inn i fotballfamilien, uavhengig av kulturell bakgrunn, seksuell legning, eller funksjonsnedsettelse. Hos oss er alle likeverdige og me formidlar dette gjennom vår dialog med barna, foresatte, barnehagar og skular.

DIALOG MED BARNEHAGAR OG SKULAR

Den som er Rekrutteringsansvarleg skal ha dialog med barnehagane og formidlar ut informasjon til foresatte og barna. I forkant av den våren det aktuelle kullet skal byrja med fotball skal Rekrutteringsansvarleg saman med fotballgruppa gjennomføra 1 fotballsamling for dei eldste barna i barnehagen. Fotballgruppa stiller med trenarar og gjennomfører aktiviteten.

Rekrutteringsansvarleg har også dialog med skular og formidlar ut informasjon til foresatte, barn og ungdom. Sogndal Fotball skal 1 gang i året arrangere Åpen Dag for barn og ungdom i Sogndal som har lyst til å prøva fotball. På denne måten har ein også ein rekrutteringsarena for dei som er eldre enn 6 år. Det er Rekrutteringsansvarleg saman med klubbtreinarar som har ansvaret for Åpen Dag.

I tillegg til direkte dialog bruker ein også klubbens heimeside, og sosiale media som kanalar for informasjonsflyt, klubben styrer denne informasjonen.

OPPSTARTDAG I FOTBALL

Sjølve oppstartdagen for 6-åringane er på våren. Me ynskjer at dei skal få ein fantastisk velkomst til fotball i Sogndal og ynskjer at alle foresatte blir med oss denne dagen. Ansvarleg for gjennomføringen av oppstartdag er Rekrutteringsansvarleg med assistanse frå klubbtreinarar.

INFORMASJON UNDER OPPSTARTDAGEN

Rekrutteringsansvarleg har under oppstartdagen dialogen med foresatte der en informerer godt om tilbudet i klubben, om medlemskap, om mulegheiten til å bli med som frivilleg trenar og lagleiar og kva dei frivillige verva inneberer.

Alle som tek på seg frivillige verv følgjer til einkvar tid alle klubbstyrte føringar, trenarmanualar, lagleiarmanualar, Fair Play og anna planverk i regi av Sogndal Fotball. Dei frivillige får tilbud om å gjennomføra NFF Grasrottrenarutdanninga og alle lag skal oppfylle minimumskrava til Norges Fotballforbund og føringane som ligg i NFF Kvalitetsklubb. I tillegg tilbyr klubben trenar- og lagleiarforum.

DET SPORTSLIGE FOKUSET FØRSTE ÅRET MED FOTBALL

6 år – leik med ball og skuleringsplanen til Sogndal Fotball. Første året med organisert trening og første møtet med nye fotballvenner. Her er hovedfokusområda «sjefe over ballen», ballkontroll og leik, smålagsspel med småmål og scoringstrening med ulike variantar av avslutningstrening med målvakt. Trenarane nyttar skuleringsplanen og øvelsesbanken til Sogndal Fotball aktivt kombinert med øvelsesbanken til Norges Fotballforbund. Lengde på treningane er ca. 60 minutt.

AKADEMIET

Sogndal Fotball har eige Akademi som tilbyr fotballaktivitet. Akademiet er eit ekstratilbud til lagstreningar og det er åpent for alle. Akademiet er ein flott arena for barn og det er ein fin måte å starta opp med fotball på i tillegg til lagstreningar. Sogndal Fotball ser på Akademiet som ein del av rekrutteringsarenaen i Sogndal.

SPORTSPLAN

For utfyllende informasjon syner me til klubben sin gjeldande Sportsplan der ein kan lese om blant anna barnefotball og om føringane til Sogndal Fotball og Norges Fotballforbund.